



Dåpsbarnet fekk namnet Eva Neset, oppkalla etter oldemor si, Eva Myklebust. F.v: Vikarprest Arne Nataas, foreldra Matz Håvik og Karoline Neset.

Vikarprest Arne Nataas la like godt inn ei læringsøkt før gudstenesta tok til i dag. Det vart gjort for for å skjønna samanhengen mellom jødane si påskefeiring som minne om utfriinga frå Egypt og Jesu lidingshistorie. På skjærtorsdag vaska Jesus læresveinane sine føter. Av dette skjønar vi at skir har to tydingar, døypa og reinsa. Soleis høvde det godt at vesle Eva vart døypt i dag og fekk namn oppkalla etter oldemor si, Eva Myklebust.

I salmeboka finn vi ti salmar som høyrer Skjærtorsdag til, mange av dei med tonar som er lite kjende. Difor song kantoren og to forsongarar fyrste strofen to gonger før kyrkjelyden kom inn. Med denne metodikken fekk alle i kyrkja kjennskap til tre lite brukte salmar, nokre av dei med melodi frå folketonane.

Offeret i dag gjekk til barneheimen Umbred i India. Mor til tidlegare sokneprest, Lina Håland, Margunn Håland er kontaktperson og har ved fleire høve profilert arbeidet som vert gjort for fattige born i India rundt provinsen Nagpur. Ny barneheim var på plass i 2016, eit senter der 30 born bur mens dei får skulegang frå 1. - 10. klasse. Her får borna mat, klede, helsehjelp og praktiske oppgåver.

Neste gudsteneste i Uskedalen er alt 1. Påskedag, ei kveldsgudsteneste der ein songkvintett vil framføra to salmar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal